

4.1.11 Næringsbygningar, NÆ1– NÆ14.

Områda kan nyttast til verksemd som produksjon, verkstad, bensinstasjon, lager, kontor, tenesteyting eller annan næringsretta bruk. Område NÆ1-4 kan brukast til datasenter med tilhørande bygningar og anlegg. Det er eit krav at verksemd for datasenter legg fram ein realistisk plan for utnytting av spillvarme før dei får byggeløyve.

Høgde på nytt planert terreng tillatast justert med +/- 3 meter.

For områda NÆ1,3 og 4 kan det etablerast bygningar med inntil 20 meters høgde over nytt gjennomsnittleg planert terreng. For område NÆ2 kan det tillatast bygningar inntil 25 meters høgde. I tillegg tillatast påbygg for tekniske installasjonar med inntil 5 meters høgde.

For områda NÆ5-11 skal møne- og/eller gesimshøgd ikkje overstige 12 meter.

Tillate utnyttingsgrad total %BYA= 70%.

Bygningar og anlegg skal ha nøytrale fargar og materialar, slik at det blir eit avdempa uttrykk. Dette skal illustrerast i samband med prosjektering. Bygningar og anlegg skal framstå heilskapleg med omsyn til utforming, materialval, samt lys- og fargebruk.

Reflekterande materialar tillatast ikkje på fasadar og tak, bortsett frå dersom det er naudsynt for solfangarar eller solcellepanel.

For verksemder som ikkje er publikumsretta skal det vere eit plantningsbelte på minst 10 m mot yttergrense i området. Plantingsbeltet skal opparbeidast og såast til og kan ikkje nyttast til bygg eller lagerplass. Uteopplag og lager skal plasserast og skjermast slik at det ikkje verkar dominerande i landskapet eller mot offentleg veg.

Kommune kan krevje at verksemder skal sikrast med gjerde eller annan fysisk avgrensing. Det tillatast gjerde opptil 4 meter av sikkerheitsomsyn. Gjerde skal plasserast innanfor eigedomsgrensa.

Kommunen kan etter vurdering tiltakets konsekvensar stille krav om detaljregulering.